

Fjell kyrkjeblad

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn
Nummer 6 – 2019



Flott avslutning for prost Erling Kopperud

SIDE 6



➤ **Sotra Reviderte feira 40 år** SIDE 11

➤ **HalloVenn** SIDE 12

➤ **Fellesgudsteneste 5. januar i Sotra Arena** SIDE 21

Fjell kyrkjeblad

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

Utgjevar:  **DEN NORSKE KYRKJA**
Øygarden kyrkjelege fellesråd


Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

Grafisk utforming: Yngvild Mørner Sørheim

Framsidedeilete: Erling Kopperud under avskjedsgustenesten 27. oktober.

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

Kontaktinformasjon

Adresse: Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 55 09 74 40

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/fjell
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankgiro

Fjell kyrkjeblad: 1503.84.37590

Fjell kyrkjelege fellesråd: 1503.84.35067

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:
14. januar 2020

Leiar

Olav Martin Vik

Kyrkjevevjerje og redaktør



«Nå er det jul igjen», er ein enkel song som me ofte høyrer fram mot jul. Både julesongar og julevarer dukkar tidlegare og tidlegare opp. Julia er god butikk. Media fokuserer på julehandelen og butikkane sin omsetning. Priskonkurransen held på å ta knekken på ein del butikkar. Bodskapen om Jesus, vår frelsar, druknar i alt maset og jaget. Vil du ha ro og høyre kva jula eigentleg handlar om, så oppsøk gudstenestene våre, eller andre gode kristelege arrangement. Det kan vere godt å flytte fokus bort frå jaget og maset og søkje stille og ro, under Guds åsyn.

Fleire av våre medarbeidarar sluttar ved utgangen av dette året. Det er vemodig når menneske trer ut av kollegafellesskapet. Prost Erling Kopperud, kontor i gamle Øygarden Anne Lise Grøm og diakonimedarbeidar Bjørg Hindenes Blom vert pensjonistar. Tidlegare har Gunnar Langeland, kyrkjetenar i Sund, gått av med pensjon. Det same gjorde diakon Torbjørn Fjøren.

Eg takkar alle desse for tenesta dei har stått i og ønskjer dei alt godt for dagane som kjem.

Nyvalde sokneråd har starta sitt arbeid. Meir enn nokon gong vert arbeidet i soknerådet viktig. Samfunnet er i endring, menneska er meir mobile men og travle. Kjente møteplassar forvitrar. Soknerådet skal lede an det kristelege arbeidet i soknet og arbeide for vekst i kyrkjelyden. Så er det viktig at kyrkjelyden står opp under soknerådet sitt arbeid og medverkar i det frivillige arbeidet.

Eg vil rette ei stor takk til alle mine medarbeidarar som gjennom to år har stått støtt i ein samanslåingsprosess og samtidig utført sitt daglege arbeid. Takk også til dei kyrkjelege råda for godt samarbeid.

Eg ønskjer alle ei velsigna god julehøgtid og takkar for året som snart er omme.

Domprost Gudmund Waaler

Fungerande biskop i Bjørgvin



Ei krubbe for vår tid

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes eller mellom



Utsnitt av alterskapet i Mariakirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger

dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfølgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.

Og finner du ham i krybbens hø som hyrder så, som hyrder så, da eier du nok til freidig å dø og leve på, og leve på.
(Jonas Dahl)

Innhald

Konfirmantjubileum.....	4–5
Avslutningsgusteneste....	6–7
Erling Kopperud intervju	8
Hausttakkefest Forldnes	9
Opningsfest Øygarden.....	10
Sotra Reviderte 40 år	11
HalloVenn.....	12
Krystallnatta.....	13
Ny sokneprest i Fjell....	14-15
Dette skjer.....	16
T-dagen	18-19

Dette er kontaktinformasjon til Den norske kyrkja i Øygarden frå og med 1. desember 2019

Kyrkjekontoret i Øygarden ligg i Temahuset på Straume og har adresse Tytebærbrekko 2.

DEN NORSKE KYRKJA I ØYGARDEN

Ekspedisjonstid:
måndag-fredag
kl. 10.00-14.00

Sentralbord:
55 09 74 40

E-post:
post.oygarden@kyrkja.no

Postadresse:
Øygarden
kyrkjelege fellesråd,
Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Besøksadresse:
Temahuset,
Tytebærbrekko 2, Straume

Nettside:
www.kyrkja.no/oygarden

Velkomen til tradisjonsrik *julefest* i kyrkjene!

Landro kyrkje

Laurdag 28. desember kl. 16.00
Stort kakebord, god musikk, julepregang og andakt.

Fjell kyrkje

Laurdag 28. desember kl. 17.00
Andakt, underhaldning og julepregang med meir!

Foldnes kyrkje

Søndag 29. desember kl. 16.00
Song, andakt, quiz og julepregang. Servering av hot dog, kaffi og kaker.



DEN NORSKE KYRKJA

Gratulerer til konfirmantjubilantane!

Tradisjonen tru vart konfirmantjubilantar samla til fest med middag og kake. Med 42 jubilantar frå fire kull satt praten laust og det vart fortalt mange gode historiar om konfirmanttida.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



75-årsjubilanten (t.h.) med dottera (t.v.) som var 40-årsjubilant.



70-årsjubilantar



60-årsjubilantar



40-årsjubilantar

Søndag 14. oktober starta feiringa med gudsteneste kl. 11.00, her kunne ein finne konfirmantar frå 1944, 1949, 1959 og 1979. Etter gudstenesta var det fotografering. Deretter gjekk jubilantane inn til kyrkjelydssalen til fint dekte bord og servering av middag. Samlinga vart leia av Bjarthe Nese. Fleire av jubilantane heldt tale om korleis det

var å bli konfirmert i si tid, kva dei måtte lære og om presten som stilte spørsmål frå både salmeboka og Bibelen. Her var det snakk om alt frå kva ein gjekk med til konfirmantleiar og aktivitetar.

Etter middag var det både kake og kaffi. Stemninga var god og det var mange gledelege gjensyn.

Sokneråda har valt leiar og nestleiar

Leiar og nestleiar vert valt for 1 år om gangen.

Sund sokneråd:

Leiar: Svein Marius Myklebust
e-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Nestleiar: Bente Aase

Fjell sokneråd:

Leiar: Jorunn Småbrekke Gjersvik
e-post: jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Nestleiar: Eigil Nødtvedt

Foldnes sokneråd:

Leiar: Per Helge Refvik
e-post: perhelgerrefvik@msn.com

Nestleiar: Olav Ingard Fjeldstad

Landro Sokneråd:

Leiar: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
e-post: tove.karin@outlook.com

Nestleiar: Dag-Olav Bjørøy

Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Leiar: Erling Vik
e-post: erl-vik@online.no

Nestleiar: Aina Elisabeth Hellesund

«Styrke for dagen og håp for i morgen. Signing for barnet som Gud tar seg av.»

Disse ordene ønsket Erling Kopperud, tidligere sokneprest i Fjell og prost i Vesthordland prosti gjennom 20 år, å avslutte tjenesten sin med. De er hentet fra Norsk Salmebok 2013 nr. 322.

TEKST: ANITA SKJÆVELAND
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Det var en fullsatt Foldnes kirke som søndag kveld 27. oktober fikk være med på avskjed med nattverd-gudstjeneste og påfølgende kirke-kaffe med mange taler.

Alle prostiets prester gikk inn i prosesjon til nydelig sang av Sotra Reviderte. Bakerst gikk biskopen og

avtroppende prost Erling Kopperud iført fiolett messehake. Det var Bots- og bønnedag – og salmen Amazing grace fikk fokus i prekenen.

Biskopen startet gudstjenesten med å poengtere at Erling Kopperud ikke har sluttet å være prest, og selv vil

han gjerne fortsette med preste-tjeneste når helsen tillater det.

Mange ga i talene uttrykk for takknemlighet over Erlings forkynnelse. På kortet fra fellesrådet i Fjell sto det: «Takk for mange gode ord gjennom mange gode år». Kristian Kopperud holdt tale der han fortalte fra livet

som en sammensveiset prestefamilie og hvordan han hadde hatt sin far som forbilde fra han var liten gutt.

Karl Johan Hallaråker, som de siste årene har vært vikar i prostiet, pekte på den viktige funksjonen Erling Kopperud har hatt i forhold til bedehusmiljøet på Vestlandet, og med en kone fra Austevoll gikk det godt, selv for en østlending, sa han.

Kvelden ga rom for takknemlighet og glede over den tjenesten som Erling Kopperud har stått i gjennom medgang og motgang. Han har sett den enkelte, og også brukt ordene til å skape en kultur for raushet der det er lov å være uenig i sak. Han har framstått som klok og samlende.

Det har vært et godt forhold mellom kommunene og Den norske kirke i

Vesthordland prosti. Både ordfører Siv Høgtun fra Askøy og påtroppende ordfører i nye Øygarden, Tom Georg Indrevik, var til stede. Et enstemmig kommunestyre i Fjell gikk i sin tid inn for å bygge Foldnes kyrkje. Også på Askøy har det blitt bygget to kirker i løpet av perioden, og Erling Kopperud har vært en god mann også i denne sammenheng.



Er takknemlig

Etter en tid med sykdom pensjonerer prost Erling Kopperud seg. Han ser tilbake på prestetjenesten som en rik og meningsfull tjeneste.

TEKST: OLAV MARTIN VIK
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Var det et kall fra Gud da du valgte å bli prest?

Ja, det var en modningsprosess som etter hvert gjorde det klart for meg at mitt kall var å bli prest i Den norske kirke. Jeg hadde helt fra barndommen en særskilt interesse for både bibelhistorie og kirkehistorie. Derfor var det naturlig for meg å begynne på teologistudiet etter gymnaset.

Du har vært både sokneprest og prost i mange år. Kommunene i ditt prosti har hatt en stor folkevekst. Har kirken klart å holde tritt med utviklingen og det å nå menneska med Guds ord?

Om vi har klart å holde tritt med utviklingen, er et krevende spørsmål å besvare. Vi skulle gjerne hatt

flere stillinger i operativ kirkelig virksomhet og tjeneste som vi kunne ha satt inn for å nå flere nye innbyggere i kommunene våre. Vesthordland prosti bærer preg av etablerte bygder og stor tilflytning og folkevekst. Den norske kirke er nok til stede med sine sokn og kirker over alt der mennesker bor, og slik har folket mulighet for kirkelig betjening. Men tilhørighet og fellesskap i et levende menighetsliv er kanskje den største utfordringen vi står overfor i vår tid.

Du har vært tett på menighetene i prostiet. Hva tenker du er annleledes nå enn om man går 10 år tilbake i tid?

Jeg synes at menighetene i prostiet har vist vilje til å ta vare på det

kristne fellesskapet om Ord og sakrament, og samtidig er de preget av et sterkt ønske om at nye mennesker i alle aldre skal bli møtt på en inkluderende måte. Av nye tiltak de siste årene vil jeg særskilt nevne *Trosopplæringen* som et viktig redskap til å nå barn og unge med Guds ord. Utfordringen for menighetene er hvordan dette skal føre til vekst og utvikling i menighetslivet.

Hva føler du har vært mest krevende i tiden din som prost?

En prost er en prest som ved siden av vanlig tjeneste som menighetsprest, også har et ledelses- og administrativt ansvar for prestetjenesten i prostiet. Dessuten skal prosten i samvirke

med kirkelige råd og utvalg bidra til et godt arbeidsmiljø, samarbeid og åndelig fellesskap innen de kirkelige arbeidslag i prostiet.

Dette er oppgaver som til tider kan være krevende, men samtidig har jeg ønsket å være en prost som legger til rette for at de kirkelige arbeidslag skal fungere best mulig sammen. Derfor er dette noe av det mest gledelige, når jeg ser at medarbeidere trives, og at de i fellesskap "drar lasset sammen".

Hva har gledet deg mest som prest og senere prost?

Som prest har jeg fått stå i en meningsfull og rik tjeneste. Et særskilt ansvar som jeg har hatt helt siden jeg begynte som sokneprest i Fjell, er å administrere og holde andakter på Fjell sjukeheim, Straume Bu- og Servicesenter og Kvednatunet på Ågotnes. Denne tjenesten har

jeg satt stor pris på, og her har jeg gjennom årene fått være sammen med mange mennesker som har beriket livet mitt.

Som prost har jeg jevnlig hatt gudstjenester i hele prostiet. Dette har vært en takknemlig og viktig oppgave for meg, og slik har jeg også blitt godt kjent med menighetene i Vesthordland.

Det som særmerker prestetjenesten er at vi møter mennesker i både glede og sorg. Disse samværene gjør inntrykk på meg og berører meg. Slike erfaringer gjør at jeg som medmenneske bærer med meg både ydmykhet og takknemlighet.

Hva er ditt største ønske for Vesthordland prosti for tiden som kommer?

Mitt største ønske er at kirkene i prostiet fortsatt må få være et sted der himmel og jord møtes;

møtesteder hvor de holder fast på Jesu ord. For han kan gjøre noe med sitt ord som andre og vi selv ikke kan.

Mange lurer sikkert på om vi får se og høre deg på prekestolen, selv om du nå blir pensjonist?

Ja, jeg vil nok etterhvert være positiv til slike forespørsler.

Ser du frem til dager uten mange avtaler og være fri for lederransvar? Mer tid til familien kanskje?

Jeg har i alle år trivdes godt i min tjeneste som prest og prost. Men etter at jeg ble sjuk, har det blitt naturlig og greit at jeg nå kan få slippe ansvaret. Jeg er takknemlig for at jeg kan se fram til roligere dager med mer tid sammen med familien, og til å prioritere gode samvær med barnebarna i hverdagen.

Hausttakkefest

Søndag 20. oktober feira vi KM-gudsteneste og hausttakkefest i ei fullsett Foldnes kyrkje.

TEKST OG FOTO: ASTRID AKSNES MYSKJA

Maria Tveten og Kari Burke-Romarheim var liturgar og Tensing Lukas og Foldnes Barnegospel spelte og sang. Dessutan fekk vi vite litt meir om det varierte arbeidet som Fjell KFUK-KFUM driv, gjennom Tensing, KM kluzz, Open Barnehage og Homestart. Etter gudstenesta var det smakfull kyrkjekaffi med basar og god stemning. Tusen takk til alle som bidrog til denne innhaldsrike gudstenesten!



Maria prest og full kyrkje.



Tensing Lukas med band



Rebekka Fosse med fruktkorg



Kyrkjekaffi med basar



OPNINGSFEST ØYGARDEN 2020



Vi inviterer innbyggjarane i Sund, Fjell og Øygarden og andre interesserte til fest for å markera overgangen til Nye Øygarden kommune. Festveka vert avslutta med fellesgudsteneste i Sotra Arena søndag 5. januar.

Tysdag 31. desember kl. 23.30 Nyttårsmarkering ved fyrlykta i Skogsskiftet med bl.a. fyrverkeri. Fire ordførarar deltek.

Onsdag 1. januar kl. 18.00 Nyttårskonert med storband og brassband i Hjeltefjorden Arena på Rong. Dørene opnar kl. 17.00.

Laurdag 4. januar:
Den store folkefesten i Sotra Arena
10.00: Aktivitetar og konkurransar ute og inne for store og små.
13.00: Offisiell opning. Statsminister Erna Solberg deltek.
18.00: Det store korslaget.
23.00: Dans med Gardsbruk. Dørene opnar kl. 22.00.

Sundag 5. januar kl. 11.00 Fellesgudsteneste i Sotra Arena. Kyrkjekaffi. Meir info. på side 21!

Til følgjande arrangement må det tingast billett:

- Nyttårskonert 1. januar kl. 18.00 (gratis)
- Offisiell opning 4. januar kl. 13.00 (gratis)
- Det store korslaget 4. januar kl. 18.00 (gratis)
- Dans med Gardsbruk 4. januar kl. 23.00 (kr. 200,-) 18 års aldersgrense.

Billettar kan tingast hjå ticketmaster.no (søkjeord: Øygarden). Du kan også henta billettar på biblioteka i Skogsskiftet, Rong og Straume.

Velkomen til folkefest for Øygarden kommune!

WWW.NYEOYGARDENKOMMUNE.NO

Sotra Reviderte feira 40 år!

I 1979 ville dei som var for gamle for Ten Sing fortsette korlivet. Resultatet vart etter kvart vokalensemblet *Sotra Reviderte*. Olav Sørheim har vore dirigent heilt frå dei starta.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Årsdagen vart feira kvelden 10. november med flott konsert i Fjell kyrkje. Koret sang mange slagerar frå tida opp gjennom. Innimellom songane kunne dirigent Olav Sørheim fortelje om historia til koret – korleis dei hadde starta opp og om korlivet vidare.

Eit "unge vaksne kor"
Etter oppstart kalla dei seg sjølv for "Fjell unge vaksne kor". Etter som årane gjekk, ville dei ikkje lenger kalle seg så veldig ungdomleg. Då måtte

dei revidere seg om til eit vaksen-kor som fekk namnet Sotra Reviderte.

Kom alltid på andre plass
Dirigenten hadde med seg fleire rekvisittar som passa til forteljinga om Sotra Reviderte. Her kunne han mellom anna vise fram LP-plata dei produserte i 1985 og kulturprisen dei fekk frå Fjell kommune i 1986. Han hadde også med fleire diplom frå konkurransar. Då han viste dei fram, kunne han konkludere med at dei var eit kor som treivst godt på andre plassen.

Det vart også mimring frå turane dei hadde vore på, mellom anna til Wien, Irland og England. Om kalde kyrkjer og kyrkjer med mykje klang. For det er jo det dirigent Olav alltid er ute etter – at koret skal ha best mogeleg klang!

Etter konserten vart alle invitert med til kyrkjelydsalen på kaffi og kake. Det var fleire flotte kaker, mellom anna ein stor marsipankake med logoen til Sotra Reviderte på.

HalloVenn!

For åttande år på rad vart HalloVenn arrangert på Allehelgensaftan 31. oktober av Landro sokneråd og Metodistkirken på Sotra.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Det var eit flott oppmøte i Ågotneshallen denne oktoberkvelden. Med jungelen som tema var det flott å sjå 450 barn og vaksne i ulike kostyme. Kvelden byrja med

ein mini-konsert med Bjarte Leithaug og eit stort barnekor med koristar frå Lyskastaren, MIN!gospel, Fjell barnekor og Nordre Fjell barne- og tweenskor.

Etter konserten var det berre å komme i gong med aktivitetane! Her var det hoppeslott, klatrevegg og mykje anna!



Sokneråd og kyrkjestab møte kvarandre



Onsdag 25. september møttest nyvalde sokneråd og kyrkjestaben til ei samling der ein mellom anna skulle verte litt meir kjent med kvarandre. Over 70 menneske var samla i Foldnes kyrkje der ein fekk presentert sokneråda og kyrkjestaben. Det er fem sokn og sokneråd i nye Øygarden kommune. Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg. Dei tilsette i kyrkja har vore gjennom ein samanslåingsprosess og kyrkjestaben er organisert på nytt. Denne organiseringa vart presentert for dei framømte frå sokneråda.

Krystallnatta markert i Foldnes kyrkje under overskrifta Me må ikkje gløyme det som skjedde Krystallnatta

FOTO: OTTAR VIK

Den enorme tragedien som skjedde Krystallnatta vart ein minna om i Foldnes kyrkje laurdag 9. november. Nærare 200 menneske møtte opp til markeringa. Det var innlegg frå forfattar Halgrim Berg, varaordførar Torill Selsvold Nyborg og Joel Ystebø som er ungdomspolitkar i Bergen. Lokale krefter deltok med musikk,

song og dikt. Det var helsing frå ordførar i Sund, Kari-Anne Landro.

Krystallnatta er namnet på natta mellom 9. november og 10. november 1938 og markerte starten på ei dramatisk opptrapping av jødeforfølginga i Tyskland og Austerrike. Over 7500 butikkar vart

vandalisert, synagogar brent ned og mange jødar vart drepne.

10. november var fortaua fulle av knust glas fra dei jødiske forretningane, og dette gjorde at aksjonane vart gitt namnet krystallnatta av nazistane.



Fint pynta Foldnes Kyrkje



Halgrim Berg tidlegare stortingsrepresentant og kulturformidlar hadde eit historisk foredrag.



Varaordførar Torill Selsvold Nyborg i Nye Øygarden hadde ein appell.

– Presten i meg vakna til live igjen



Etter nyttår tek Morten Torsvik til i stillinga som sokneprest i Fjell. For å bli litt betre kjent med den nye soknepresten har Fjell kyrkjeblad stilt han nokre spørsmål.

TEKST: OLAV MARTIN VIK
FOTO: OTTAR VIK

Kven er Morten Torsvik?

Det er jo eit veldig stort spørsmål, som eg til tider stussar på sjølv, men ein kort versjon kan vere at eg er født og oppvaksen i Bergen. Vi var fire søsken og eg er yngst. Trua på Jesus prega heimen vi vokste opp i og har alltid vore eit fundament i livet mitt. Vi har nettopp feira at eg har vore gift med Ingrid i 30 år og vi er velsigna med 5 barn. Dei siste 18 åra har vi budd på Vik i Øygarden

Det er ein del år sidan du har vore i teneste som prest. Kva fekk deg til å søke stillinga som sokneprest i Fjell?

Det kan verke litt tilfeldig, - eller Gudfeldig om eg kan bruke eit slikt uttrykk. Tanken vart sådd etter ei gudsteneste eg tala på i Fjell kyrkje i mai. Etter gudstenesta kom det fleire bort til meg under kyrkjekaffien og fortalde at det var ei prestestilling ledig her i kyrkja og dei oppfordra meg til å søke. Eg takka for tilliten, men avviste tanken. Eg treivst så godt på bibelskulen og hadde ingen planar om å gje meg der. I løpet av sommaren var det fleire som ringde og sendte tekstmeldingar med oppmuntring i same retning. Tanken modna, presten i meg vakna til live igjen. Søknad vart sendt og eg fekk stillinga. Så får eg seie som Luther på Riksdagen i Worms «Her står eg og kan ikkje anna. Gud hjelpe meg. Amen.»

Du har lenge vore lærar ved Bibelskulen på Bildøy. Korleis tenkjer du at di lange erfaring

med unge menneske vil påverke tenesta du no går inn i?

Eg kom til bibelskulen hausten 2001 så eg har følgd ein del unge menneske eit utruleg viktig år, - eit år som mange av dei uttrykker som det beste og viktigaste året i livet. Vi kjem kvarandre så nær, i undervisning, samtaler og på turar slik at trua ikkje vert redusert til noko ein «driv» med eit par timar kvar søndag, men blir fundamentet og ledestjerna for heile livet. Behovet for å vere nær, - snakke om livet slik det er på godt og vondt trur eg er ein fellesnemnar for unge og gamle, også i Fjell.

Du har leiarutdanning, korleis tenkjer du at den kjem til nytte i møte med oppgåvene?

Det å ha reflektert litt rundt leingi trur eg er nyttig på så mange måtar, - ikkje bare i møte med oppgåver, men kanskje like mykje i forståing av ansvarsfordeling og roller. Nokon av oppgåvene er faste og i kategorien må, mens andre og kanskje dei fleste står vi meir fritt i forhold til. Dei er som regel oppfølgingar av tidlegare vedtak. Til tider kan det vere lurt å sjå om dei oppgåvene vi bruker tid og krefter på står i forhold til dei mål vi ønskjer å oppnå i dag. Vi har ein tendens til å gå i opptråkka spor utan å tenkje på om dei fører oss der vi eigentleg vil.

Kva tenkjer du er viktig i møte med ein ny kyrkjelyd? Kjenner du på spenning?

For å starte med det siste. Ja eg kjenner på ei spenning. Eg kjenner

ikkje kyrkjelyden i Fjell, - verken folket eller arbeidet, men visjonen vi skal arbeide etter synes eg er spennande og god; «Saman vil vi ære den treeinige Gud - ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd!». I første omgang trur eg det er viktig å høyre kva kyrkjelyden tenkjer er gode måtar å realisere visjonen på og få tak i det den brenn for. Etter kvart vil eg leggje mine tankar og draumar i «potten». Klarar vi å skape ein tryggleik i botnen for arbeidet som gjer at vi tør å komme som den vi er, og med det vi har å by på, har vi lagt eit godt grunnlag for arbeidet vidare.

Korleis trur du kyrkjelyden vil oppleve deg som prest?

Dette syntest eg er eit vanskeleg spørsmål. Eg håpar i alle fall dei vil oppleve meg som ein jordnær, folkeleg og tillitvekkande mann som ikkje lar det vere tvil om at målet for mi teneste er å forkynne den gode budskapet om Jesus til frelse og etterfølgning.

Du kjem inn i eit stort arbeidsfellesskap med høg aktivitet. Gler du deg til å møte kollegaer og til å ta fatt på oppgåva?

Kollegaer er alltid spanande. Mange kollegaer er ekstra spanande. Det gjer høve for mykje god samhandling. Foreløpig er eg litt usikker på kva oppgåvene består i, men eg gler meg til å bli kjent med folket og komme i gong.

Vi syng jula inn

Det bli servering av juleglogg i begge kyrkjene etter arrangement! Kollekt

Foldnes kyrkje
Søndag
15. desember
kl. 17.30

Foldnes Barnegospel
Lukas TenSing
Mannskoret Avogtil
Solveig Mo med musikarar frå Sotra Storband

Fjell kyrkje
Søndag
22. desember
kl. 17.00

Fjell Barnekor
Sotra Reviderte
Fjell Kyrkjebrass
Mykje allsong

 DEN NORSKE KYRKJA

God mat, underholdning, musikk og god stemning!
KL. 19.00

Påmelding på www.kyrkja.no/funk/adventsfest

FUNK
FJELLUNGDOM I KYRKJA

 DEN NORSKE KYRKJA
14. DESEMBER
FJELL KYRKJE

ADVENTSFESTEN 2019



Konsertar før jul

Konsert	Dato	Kl.	Pris	Stad
Lukas Ten Sing & Foldnes Barnegospel	30. november	17.00	Gratis - kollekt ved utgang	Foldnes kyrkje
Stille natt hellige natt	1. desember	17.30	485,- (Ticketmaster)	Foldnes kyrkje
RAMP adventskonsert	3. desember	19.30	Gratis	Foldnes kyrkje
Jubileumskonsert Sotra Vest & Ulveset skulekorps	6. desember	18.30	150,-	Foldnes kyrkje
Deilig er jorden - Anita Skorgan	7. desember	18.00	485,- (Ticketmaster)	Fjell kyrkje
Julekonsert m. Sund blandakor	9. desember	19.00	200,- (barn u. 12 år gratis)	Sund kyrkje
Fjell Kulturskulekor - Ottesong (generalprøve)	11. desember	18.30		Foldnes kyrkje
Rong Brass	12. desember	20.00	100,- (mus. skulekorps gratis)	Blomvåg kyrkje
Fjell Kulturskulekor - Ottesong	13. desember	07.00		Foldnes kyrkje
Musikklaget Julekonsert	14. desember	17.00		Foldnes kyrkje
Fjellkoret Julekonsert	15. desember	18.00	250,- (vaksen), 500,- (familie)	Fjell kyrkje
Julekonsert - Remy Olsen & Trygve Helleesen	18. desember	19.30	200,- (150,- student/75,- barn,/500,- fam.)	Fjell kyrkje

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- KM Kluzz:** Cirka ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. For heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerende temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Foldnes barnegospel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland tlf. 977 55 938
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lilleørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Ungdomslaurdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik tlf. 415 07 011
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt: Morten Nygaard tlf. 924 82 896
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Retreatkveldar:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Olav Sørheim tlf. 926 15 988
- Fjell barne- og tweenskor:** Barnekor over annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen tlf. 411 22 323. Tweenskor over annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 18.00–19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00. For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52
- Nordre Fjell Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.35 kvar tysdag.
- Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.40–19.45 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Landroklubben:** I kyrkjelydssalen annankvar fredag kl. 18.30–22.30. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52


Vi syng jula inn

Landro kyrkje
8. des. kl. 17.30

Song og musikk:
Nordre Fjell barne- og tweenskor, Sund & Landro juleprosjektkor, Laila Lossius, Thea Sofie Garlid, Christina Howlett, Elisabeth B. Leganger, Allsong og Band

Andakt
Juleglogg
Kollekt

Velkommen!

 DEN NORSKE KYRKJA

FJELLKORET
inviterer til

JULEKONSERT
i Fjell Kyrkje
Søndag 15. desember 2019 kl 17.00

Dirigent: Jan L. Jacobsen
Piano: Tarjei Vatne

Billetter selges ved inngangen
Priser: 250,- for voksen eller 500,- for familie



T3 Advent

Når: Søndag 1. desember

Kor: Alle tre kyrkjene

Kva: Første søndag i advent er heile familien velkomne med trearingen til kyrkja. Då er det storfamiliegudsteneste i Fjell, Foldnes og Landro kyrkje. Alle trearingane skal få ei flott julebok, og etterpå blir det kyrkjekaffi. Velkommen til kyrkja di 1. desember kl. 11.00.



T9 Tårnagent

Når: Fredag 31. januar

Kor: Fjell kyrkje

Kva: På planleggingsdagen fredag 31. januar blir det «T9 Tårnagentdag» i Fjell kyrkje, og alle tredjeklassingar er hjarteleg velkomne! På tårnagentdagen skal vi bruke hjartet, hendene og hovudet vårt i det godes teneste! Som det står i tårnagentsongen: «Bibelen har gode ord, vi skal setje gode spor!» Håpar å sjå deg!



T8 Lat oss be

Når: Laurdag 15. februar

Kor: Foldnes kyrkje

Kva: Kva er eigentleg bøn? Kvifor ber vi? Korleis ber vi? Laurdag 15. februar kl 13-17 er det T8-dag i Foldnes kyrkje. Andreklassingen og heile familien er invitert til ein spanande og annleis dag som handlar om «tru i heimen». Vi skal lære meir om «Herrens bøn», og saman skal vi undre, lage, ete, leike, syngje og lære.



Påmelding

www.kyrkja.no/t-dagen

Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 1. desember	11:00	Familiiegudsteneste T3	Knut Kaldestad	Dåp	Misjonsalliansen
Søndag 8. desember	11:00	Radiogudsteneste P7	Svenn Martinsen	Nattverd	
Søndag 8. desember	18:00	Lysmesse	Petter Ekerhovd-Ottersen		Kirkens bymisjon i Bergen
Søndag 15. desember	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp	Eige arbeid
Søndag 22. desember	17:00	Vi syng jula inn			Sjømannskirken
Julaftan 24. desember	14:30	Familiiegudsteneste	Petter Ekerhovd-Ottersen		Kirkens Nødhjelp/Eige arbeid
Julaftan 24. desember	16:00	Familiiegudsteneste	Petter Ekerhovd-Ottersen		Kirkens Nødhjelp/Eige arbeid
Juledag 25. desember	11:00	Gudsteneste			Bibelselskapet
2. juledag 26. desember	12:00	Gudsteneste	Maria Tveten		Stefanusalliansen
Søndag 12. januar 2020	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	
Søndag 19. januar 2020	11:00	Gudsteneste			
Søndag 26. januar 2020	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	

Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 1. desember	11:00	Familiiegudsteneste T3	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 8. desember	18:00	Lysmesse	Maria Tveten		Eige arbeid
Søndag 15. desember	17:30	Vi syng jula inn			Eige arbeid
Julaftan 24. desember	14:00	Familiiegudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Julaftan 24. desember	16:00	Familiiegudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Juledag 25. desember	12:00	Høgtidsgudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Kristent Innvandrerarbeid
Søndag 29. desember	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	NMS Thailand/Israelsmisjonen
Søndag 12. januar 2020	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	
Søndag 19. januar 2020	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	
Søndag 26. januar 2020	19:00	Kveldsgudsteneste	Knut Kaldestad	Nattverd	

Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 1. desember	11:00	Familiiegudsteneste T3	Bjarte Nese	Dåp	Misjonsprosjekt med NMS i Thailand
Søndag 8. desember	17:30	Vi syng jula inn	Bjarte Nese		Eige arbeid/kyrkjemusikk
Søndag 15. desember	11:00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp og nattverd	Misjonsprosjekt med NMS i Thailand
Julaftan 24. desember	14:30	Gudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens Nødhjelp
Julaftan 24. desember	16:00	Gudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens Nødhjelp
Juledag 25. desember	12:00	Gudsteneste		Dåp og nattverd	Eige arbeid
Nyårsdag 1. januar 2020	12:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Amathea
Søndag 12. januar 2020	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	
Søndag 19. januar 2020	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	
Søndag 26. januar 2020	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp	

Med atterhald om endringar. Sjå også www.kyrkja.no/fjell for gudstenesteoversikt.

Juleenglene - en juledugnad

Mandag 2. desember finner du Juleenglene i Fjell kyrkje mellom kl. 16-20, der tar vi i mot julegaver til barn i vanskeligstilte familier.
Se mer på Facebooksiden til Juleenglene.



Fjell kyrkje

Døypete

29.09.2019

Max Alexander Davø
Leah Roel Ocean
Theo Olai Ramsdal Aase
Emil Lillebø Undal
Jakob Kristiansen-Wilhelmsen

13.10.2019

Oliver Rutle Dimmestøl
Birk Josephsen Svidal

20.10.2019

Matheo Forland
Nora Sangolt
Eilif Printzlau Wiik

27.10.2019

William Foldnes Ekerhovd
Emma Bjørsvik Hesjedal
Amalie Risholm

10.11.2019

Elias Solvang Algrøy
Willem Matteus Knarvik Hardang

Vigde

28.09.2019

Victoria Paskal Paulsen
og Tommy Jakobsen

05.10.2019

Beathe Rydland og Lars Ole Algrøy

Døde

Olav Henden f. 1942
Jenny Helene Nygård f. 1920
Arne Per Arildsen f. 1942
Helga Jorunn Algrøy f. 1952
Yngve Ekerhovd f. 1968
Marta Nyheim f. 1926
Martin Johan Wallin f. 1928
Heidi Fjellanger Ulveseth f. 2005
Margunn Tellnes f. 1929
Ingrid Sekkingstad f. 1934
Egil Johnson f. 1950
Kjellaug Dale f. 1927

Foldnes kyrkje

Døypete

06.10.2019

Ludvig Solsvik Mørk

20.10.2019

Helena Vike Paulsen
Victoria Isabel Schnierer Selstø

02.11.2019

Jonas Nilsen Fredly
Noelle Pedersen-Karlsen
Vendela Lønborg Peschina
Luca Dyrøy Midtkandal
Sunniva Foldnes Villanger
Magnus Schanche Sæbø
Emil Bjelland Stølen
Mari Foldnes Torsvik

Døde

Mathias Kristoffer Foldnes f. 1926
Annbjørg Hovland f. 1940
Kirsten Karensen Lønning f. 1944
Margit Snekkevik f. 1924
Borgny Rise f. 1930

Landro kyrkje

Døypete

29.09.2019

Nikolai Sandtorv Martinussen
Nora Ellinor Haugro

20.10.2019

Nicolas Antoni Tomar Mørch

Døde

Kirsten Johanne Jensen f. 1947
Knut Sigmund Kolltveit f. 1927
Margit Oliva Skråmestø f. 1931
Malvin Norvald Landro f. 1928

Felles-
gudsteneste
for heile
familien!

**Søndag 5. januar
går kyrkjelydar og
forsamlingar frå Fjell,
Sund og Øygarden
saman om ei stor
fellesgudsteneste i
Sotra Arena kl. 11.00.**

Dette vert avslutninga på den store opningsuka av vår nye kommune. "Det er flott av me får arrangere ei slik gudsteneste og me oppmodar små og store om å delta på denne familiiegudstenesta" seier Espen Tveten som har leia arbeidet med dette fellesarrangementet. Det vert mykje song og musikk, blant anna felles barnekor og vaksenkor med ulike kor frå distriktet. Fjell kyrkjebrass deltek. Maria Tveten talar, det vert bønnevandring og intervju med den nye ordføraren. Gudstenesta vert avslutta med stor kyrkjekaffi. "Eg vonar folk i alle dei tre noverande kommunane sluttar opp om arrangementa både laurdag og søndag i Sotra Arena", avsluttar Espen Tveten, "dette vert ei festhelg".

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."
Joh. 11. 25-26

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Fjell-ly **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Solstrands
Begravningsbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO
Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 - Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

Bjorgvin **Døgnvakt 55 20 23 00**
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

Gravferdshjelpen

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelse og bisettelse.

Døgnvakt 55 27 28 29
www.gravferdshjelpen.no
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen

• koldtbord kr 229,- pr. pers
• snitter kr 25,-
• marsipankekake 500,-

Leirs bakeri & catering

for bestilling ring **56333310/56334410**
vi holder til på Kolltveit Kai

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.
Hjemmebesøk om ønskelig.
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no
Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no
Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

Advokatfullmektig
Bernhard Hauge

GRAVMINNER

Løvaas Naturstein

Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvant år svarer vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no

KIRKENS SOS
Å snakke med folk om livet gir mening.

vopps Takk for di gåve!

Fjell kyrkjelege fellesråd: 82511
Foreningen Basecamp: 76162
Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022
Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato



T1 babySong

Velkomen til babysong, lunsj, og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl. 10.30–12.30!

- 25. november i Fjell kyrkje
- 9. desember i Foldnes kyrkje
- 20. januar i Landro kyrkje
- 17. februar i Fjell kyrkje

Påmelding: www.kyrkja.no/t-dagen
Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)

- Snitter
- Koldtbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

Tlf. 56 33 11 50

Ny adresse:
Idrettsvegen 113 C

Royal
Catering Service AS

www.royal-cateringservice.no

TAKK

Vi vil med dette få gje vår beste takk til alle som fylgde vår kjære, **Marta Nyheim**, til grava fredag 18. oktober.

Ei særst takk til prosti-prest Knut Kaldestad for den måten han møtte oss på i den vanskelege tida, samt fastlækjar **Elisabet Kopperud Kvinge** for unik oppfølging.

Takk og til Fjell sjukeheim for godt stell og god pleie – og for pengegåva til Redd Barna.

Sigrunn, Marit, Else og Sølvi med familiar

Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:
Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Foldnes sokneråd:
Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:
Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Sokneprest Bjarne Nese	55 09 74 52
Sokneprest Maria Tveten	55 09 74 46/ 450 63 016
Diakon Astrid Fylling	55 09 74 66/ 971 75 733

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.



Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller post.oygarden@kyrkja.no ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:
14. januar 2020

Barnekryssord

Returadresse:
Fjell kyrkjekontor
Postboks 184
5342 Straume



Dåp

Dåp handlar om tradisjon, tilhøyrslø og tru.

Vannrett:

1. Ein Stoltenberg
5. Apostel
6. Kven spør vi?
9. Farin
11. Poste
13. Stilling
15. Rett
16. Frø med skall
17. Nils Eriksen

Loddrett:

1. Sto opp igjen
2. Merkelapp
3. Månefase
4. ... Lanka (land)
5. Spagetti
7. Rune Kvam
8. Jentenavn
10. Adam & Evas hage
12. Nota Bene
14. Rekke og rad

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!

Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord

Vinnar av Barnekryssord
i nr. 5 – 2019:
Tora Svennevik
frå Kolltveit



Namn.....

Adresse.....

.....

Tradisjon – dåpen er ein berande tradisjon, og det har dåpen vore i landet vårt i nærmare 1000 år. Mange opplever dåpsdagen som ei god og meningsfull feiring og ein viktig dag for dei som står barnet nær.

Tilhøyrslø – dåpen knyter oss til Gud, til frelsa i Jesus Kristus og til fellesskapet.

Tru – Barnet blir døypt til den kristne trua. I dåpen blir barnet lagt i Guds hender i tru på Guds kjærleik. Slik er trua ei gåve frå Gud til den døypte.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på www.kyrkja.no/fjell/daap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd